Hardangerrådet iks

Hardanger

**INNKALLING TIL MØTE I HARDANGERRÅDET**

**Dato: Fredag 5.12.2025**
**Klokka 09.00 - 14:30**

**Stad: Formannskapssalen, Ullensvang kommune**

Agenda:

09:00 - 13:00 Hardangerrådet sakshandsaming
13:00 - 14:00 Lunsj
14:00 - 14:30 Takke av Eidfjord Rådsordførar og leiar Rådmannsforum

**Saker til handsaming:**

**HR-sak 42/25 & RF-sak 33/25** **Innkalling og sakliste**

**HR-sak 43/25 & RF-sak 34/25** **Godkjenning av møtebok frå Rådsmøte den 24/10 og Rådmannsforum den 11.09.2025**

**HR-sak 44/25 & RF-sak 35/25** **Meldingar**

- Evaluering Hardangerkonferansen 2025
- Fjordtinget i Øystese 17. juni 2026
- Fjernarbeid og Staten
- Vest i Øst med Fv Rv 13, Ryfylkerådet og evt andre.

**HR-sak 45/25 & RF-sak 36/25** **Orienteringssaker**

1. Orientering om Turistbåtruta.
2. VLFK, Hovudutval for Næring den 18.11.2025
3. VLFK, Hovudutval for mobilitet og samferdsel den 18.11.2025
4. VLFK, Hovudutvalet for opplæring og kompetanse den 19.11.2025
5. VLFK, Fylkesutvalet den 25. - 26.11.2025
6. Søknad til Omstillingsprosjektet for reiselivet i Eidfjord og Ulvik.

Hardangerrådet iks

Hardanger

**HR-sak 46/25 & RF-sak 37/25 Søknad Hardanger Open**

**HR-sak 47/25 & RF-sak 38/25 Pilegrimssenter i Røldal jfr. vedtak frå 2013**

**HR-sak 48/25 & RF-sak 39/25 Dato og tema for fellesmøte med Sunnhordlandsrådet**

**HR-sak 49/25 & RF-sak 40/25 Val av ny rådsordførar og leiar av rådmannsforum**

**HR-sak 50/25 & RF-sak 41/25 Diskusjonssak - Regional reiselivsutvikling**

**HR-sak 51/25 & RF-sak 42/25 Diskusjonssak - Innspel til Statsforvaltar**

**HR-sak 52/25 & RF-sak 43/25 Saker som kjem til.**

**Forfall må meldast Hardangerrådet v/Trude Rinaldo tlf 48954550**
**Varamedlemmene møter etter særskild innkalling.**

**Kinsarvik**
**28.11.2025**

**Timo Knoch**
**Rådsordførar**

**Ann Irene Myrheim**
**Dagleg leiar**

Hardangerrådet iks

Hardanger

**MØTEBOK** **Hardangerrådet**

**Dato:** **Torsdag 24.10.2025**
**Klokka:** **09.00-15.00**
**Stad:** **Kommunehuset i Ulvik**

**Til stades:**

| | |
|---|---|
| Eidfjord kommune: | Ordførar Timo Knoch - rådsordførar |
| Kvam herad: | Ordførar Torgeir Næss |
| Ullensvang kommune: | Ordførar Roald Aga Haug |
| Ulvik herad: | Ordførar Jens Olav Holven |
| Leiar Rådmannsforum: | Rådmann Eidfjord kommune Magnus Steigedal |
| Hardangerrådet iks: | Dagleg leiar Ann Irene Myrheim |
| | Konsulent Trude L. Rinaldo |

Agenda:

| | |
|---|---|
| 09:00 - 11:30 | Hardangerrådet sakshandsaming |
| 11:30 - 12:30 | Lunsj |
| 12:30 - 13:00 | Presentasjon Siderprodusentane og søknad om Klyngestatus v/Styreleiar Eirik Lekve Eide |
| 13:00 - 15:00 | Sakshandsaming |

**Sakskart:**

**HR-sak 33/25 Innkalling og sakliste**

Sak meldt til HR-sak 41/25 Saker som kjem til;

1. Fordelingsnøkkel jfr HR-Sak 29/25 Sertifisering berekraftig reisemål
2. Felles forvaltningsplan Hardangerfjorden
3. Beskattning småkraftverk
4. Statsforvaltar

**Vedtak:**
Innkallinga godkjent slik den ligg før med tilførsel under HR-sak 41/25 Saker som kjem til

1. Fordelingsnøkkel jfr HR-Sak 29/25 Sertifisering berekraftig reisemål
2. Felles forvaltningsplan Hardangerfjorden
3. Beskattning småkraftverk
4. Statsforvaltar

**HR-sak 34/25 Godkjenning av møtebok frå Rådsmøte og Rådmannsforum 23.04.2025**

**Vedtak:**
Møteboka frå 18.09.25 er godkjend slik den ligg føre.

**HR-sak 35/25 Meldingar**

**Vedtak:**
Rådet tek meldingane til vitande.

**HR-sak 36/25 Orienteringssaker**

4. **VLFK, Hovudutval for mobilitet og samferdsel**

Saksprotokoll frå Hovudutval for samferdsel og mobilitet 14.10.2024.
PS 82/2025 Ferjeanbod Hordaland – Strategiske rammer og føringar for vidare arbeid med ny konkurranse.

Hardangerrådet IKS tek saka til orientering og vedtek å senda høyringsuttale på vegner av kommunane Eidfjord, Kvam, Ullensvang og Ulvik. Uttalen skal særleg vektleggja omsyn til beredskap, arbeidsmarknad, næringsliv og reiseliv i regionen, og skal understreka behovet for å oppretthalda og styrka dei sentrale fjordkryssingane i Hardanger.

Dagleg leiar lagar framlegg til uttale, som vert vedteke av alle ordførarane på mail
Uttale skal sendast til Vestland fylkeskommune.

**Vedtak:**
*Dagleg leiar utarbeider framlegg til høyringsuttale til Vestland fylkeskommune vedrørande PS 82/2025 «Ferjeanbod Hordaland – Strategiske rammer og føringar for vidare arbeid med ny konkurranse». Framlegget vert sendt til rådet for godkjenning per e-post. Endeleg uttale vert deretter oversendt Vestland fylkeskommune så snart som mogleg.*

**HR-sak 37/25 Felles besøksbidrag i Hardanger**

**Vedtak:**
- *Dei fire Hardangerkommunane samarbeider om innføring av besøksbidrag med felles sats og plan for bruk av midlane.*

- *Hardangerrådet ber kommunane setje av ressursar i budsjetthandsaming for 2026. Det er ein føresetnad at alle kommunane gjer felles vedtak om å sette av dedikerte ressursar til utarbeiding og implementering av felles regional besøkbidragordning i Hardanger i tråd med lova.*

**HR-sak 38/25 Møteplan 2026**

**Vedtak:**
Hardangerrådet vedtek møteplan 2026 med justeringar gjort i møtet:

Hardangerrådet iks

Hardanger

# Møteplan 2026

| 2026 | Jan. | Feb. | Mars | April | Mai | Juni | Sept | Okt. | Nov. | Des. |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Regionrådet<br><br>Representant-skapet | Fredag 16. Eidfjord | | Fredag 27. Kvam<br><br>Årsmøte | Fredag 10. Ulvik<br><br>Fellesmøte med Sunnhordland | Fredag 22. Ulvik | | Fredag 11. Kvam | Fredag 09. Odda | | Fredag 18. Jondal/Utne |
| Hardingtinget<br><br>Hardanger-konferansen | | Fredag 13. Ullensvang<br><br>Harding-tinget | | | | | | | Tors-Fred 5.-6. Eidfjord<br><br>Hardanger konferansen | |

## HR-sak 39/25 Høyring samanslåing av vassregionane Hardanger og Sunnhordland

**Vedtak:**
Hardangerrådet iks som består av kommunane Eidfjord, Kvam, Ullensvang og Ulvik er positive til å slå saman Sunnhordland Vassområde og Hardanger Vassområde.
Rådet bør bestå av ein administrativ og ein politisk oppnemnd representant frå kvar kommune

Hardangerrådet iks trur vassområde for same fjordsystem kan bidra til ein meir heilskapeleg forvaltning av Hardangerfjorden.

## HR-sak 40/25 Presentasjon Siderprodusentane og søknad om Klyngestatus til Innovasjon Norge v/Styreleiar Eirik Lekve Eide

Siderklynga ber om politisk støtte vedrørande søknad til Innovasjon Norge.
Presentasjon ligg ved referat.

**Vedtak:**
Presentasjon vart teke til vitande.

## HR-sak 41/25 Saker som kjem til.

**Vedtak:**

1. **Fordelingsnøkkel jfr HR-Sak 29/25 Sertifisering berekraftig reisemål**

   Dagleg leiar tek kontakt med Visit Hardangerfjord for å be om plass i styringsgruppa på vegen av kommunane.

*Vedtak HR-Sak 29/25 Sertifisering av berekraftig reisemål den 18.09.25 står ved lag.*

*1. Hardangerrådet sluttar seg til oppstart av sertifiseringsprosessen for Hardanger som berekraftig reisemål etter Innovasjon Norge si merkeordning.*

*2. Hardangerrådet oppmodar kommunane om å løyve midlar og dedikerte ressursar i tråd med saksframlegget.*

2. **Felles forvaltningsplan Hardangerfjorden.**

Vedtak i HR-sak 20/25 den 05.06.2025 står ved lag.

*Kommunane i Hardanger utset å gjennomføra planarbeid for ein felles forvaltningsplan for Hardangerfjorden.*
*Kommunane har per i dag ikkje kapasitet til å setja av dedikerte ressursar, og kan såleis ikkje gjennomføra prosjektet på noverande tidspunkt.*

*Me søkjer Statsforvaltar om utsetting av midlane til 2026, i påvente av avklaring i kommunane om midlar og personalressursar til arbeidet, jfr. budsjett for 2026*

**3. Beskatning av småkraftverk**
Hardangerrådet iks avventar høyringsuttale frå LVK før handsaming av saka innan høyringsfristen 15.01.2026
(Vert sak i HR i desember 2025)

4. **Statsforvaltar**
Saka vert utsett til neste møte.

**Timo Knoch**
**Rådsordførar**

**Ann Irene Myrheim**
**Dagleg leiar**

Hardangerrådet iks

Hardanger

# REFERAT FRÅ MØTE I RÅDMANNSFORUM

**11. september 2025, 13.00-15.00. Digitalt**

| | |
|---|---|
| Tilstades: | Magnus Steigedal, Eidfjord kommune - leiar<br>Thore Hopperstad, Ulvik herad<br>Anita Hesthamar, Kvam herad<br>Ole-Jørgen Jondahl, Ullensvang kommune |
| Administrasjon: | Ann Irene Eliassen Myrheim og Trude L. Rinaldo |

**Saker til handsaming:**

**RF-sak 24/25 Innkalling og sakliste**

**Vedtak:**
Innkalling godkjent slik den ligg føre.

**RF-sak 25/25 Godkjenning av møtebok frå fellesmøte HR og RF**

**Vedtak:**
Referat frå 05.06.25 er godkjent slik det ligg føre.

**RF-sak 26/25 Meldingar**

**Vedtak:**
Meldinga er teke til vitande.

**RF-sak 27/25 Orienteringssaker**

**Vedtak:**
Orienteringane teke til vitande

**RF-sak 28/25 Forankring felles prosjekt Forvaltningsplan Hardangangerfjord inn i budsjettprosessane**

**Vedtak:**
Rådmannsforum ønskjer at det vert utarbeida ein felles rutine for handsaming av felles prosjekt/søknadar i regionen.

Felles prosjekt må avklara økonomi og bemanningsbehov for kvar kommunane i henhald til budsjetthandsaming i kommunane.

Prosjekt/søknadar som er felles for fleire kommunar vert tekne opp i Rådmannsforum/ Hardangerrådet før individuell handsaming i kommunane.

Rådmannsforum ønskjer at fordelingsnøkkelen vert vurdert.

**RF-sak 29/25 Søknad om tilskot sertifisering Hardanger som berekraftig reisemål**

**Vedtak:**
Rådmannsforum er i utgangspunktet positive til prosjektet, men ønskjer meir informasjon, særleg om resertifisering og kva ei slik sertifisering vil ha å seie for kommunen og reisemålet, samt den økonomiske konsekvensen av ei slik resertifisering.

Rådmannsforum avventar etterspurd informasjon snarleg, for å ta saka opp igjen før budsjettfrist 15.10.2025.

**RF-sak 30/25 Besøksbidrag i Hardangerkommunane.**

**Vedtak:**
Dei fire Hardangerkommunane samarbeider om innføring av besøksbidrag med felles sats og plan for bruk av midlane.

Hardangerrådet ber kommunane setje av ressursar i budsjetthandsaming for 2026.
Det er ein føresetnad at alle kommunane gjer felles vedtak om å sette av dedikerte ressursar til utarbeiding av felles regional besøkbidragsordning i Hardanger i tråd med lova.

**RF-sak 31/25 Skjønsmidlar 2026**

For neste års skjønsmidlar vil ein oppmoda kommunane om å sjå på prosessar i forkant, gjerne på vårparten for å sjå på eventuelle fellesprosjekt.

**Vedtak:**
Rådmannsforum tek informasjonen til vitande.

**RF-sak 32/25 Saker som kjem til.**

**Siderklynga sin søknad til innovasjon Norge om klyngestatus**

Det er kome signal frå ordførarane at dei er positive til å støtta siderklynga om dei får tilsagn på klyngestatus i Innovasjon Norge.

Kinsarvik, 11.09.2025
Ann Irene Myrheim
ref.

| | |
|---|---|
| Møtedato 5.12.2025 | Saksansvarleg Ann Irene Myrheim |

**HR-sak 44/25 Meldingar**

**Saker:**

- Evaluering Hardangerkonferansen 2025
- Fjordtinget i Øystese 17. juni 2026
- Fjernarbeid og Staten
- Vest i Øst med Fv Rv 13, Ryfylkerådet og evt andre.

**Framlegg til vedtak:**
Rådet tek meldingar til vitande

| Møtedato 5.12.2025 | Saksansvarleg Ann Irene Myrheim |
|---|---|

**HR-sak 45/25 & RF-sak 36/25** **Orienteringssaker**

**Saker til orientering:**

1. Orientering om Turistbåtruta.
   Inkl handsaming i Fylkesutvalet den xx.11.2025
2. VLFK, Hovudutval for Næring den 18.11.2025
3. VLFK, Hovudutval for mobilitet og samferdsel den 18.11.2025
4. VLFK, Hovudutvalet for opplæring og kompetanse den 19.11.2025
5. VLFK, Fylkesutvalet den 25. - 26.11.2025
6. Søknad til Omstillingsprosjektet for reiselivet i Eidfjord og Ulvik.

## Framlegg til vedtak:

Rådet tek orienteringane til vitande

| Møtedato 05.11.2025 | Saksansvarleg  Ann Irene Myrheim |
|---|---|

**HR-sak 46/25 & RF-sak 37/25** **Søknad om midlar Hardanger Open**

**Vedtak:**

**Framlegg til vedtak:**

Hardangerrådet iks løyver kr 25. 000 frå restmidlar til Hardanger Open 2026.

Hardangerrådet iks ønskjer Hardanger Open 2026 lykke til med arrangementet.

**Bakgrunn for saka:**
Hardangerrådet iks mottok 19. oktober 2025 søknad om midlar frå Hardanger Handbak Klubb til gjennomføring av Hardanger Open 2026

**Saksvedlegg:**
Vedlegg 1. Søknad frå Hardanger Handbak klubb av 18. oktober 2025

**Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:**

**Saksopplysningar:**

Hardanger Handbak Klubb søkjer støtte til gjennomføring av Hardanger Open 2026 i Eidfjord. Stemnet er eit etablert, velrennomert idrettsarrangement med høgt sportsleg nivå, og profilerer Hardanger nasjonalt og internasjonalt gjennom deltaking, presse, sosiale medium og strøyming på nettet.

Korrigert dato for gjennomføring er 10 - 11. april 2026

<u>Føremål og regional verdi</u>
Hardanger Open set heile regionen på kartet og viser at Hardanger kan vera vertskap for profesjonelle idrettsarrangement. Deltakarar og publikum kjem frå heile landet og frå mange land i Europa.

Strøyming frå konkurransar, foto og korte reportasjar blir produserte for deling på sosiale medium av utøvarar, klubbar og kanalar i og utanfor Noreg.

Gjennomføring

- Kompakt opplegg i og rundt Eidfjordhallen: innveging, kvalifisering og finalar i gangavstand frå overnatting og servering.
- Teknisk anlegg/storskjermar på høgde med tidlegare gjennomføringar.
- Rekruttering og inkludering: opne økter i forkant, jentetiltak, eigen para-klasse.
- Sosial «afterpull» laurdag kveld (alkoholfritt ungdomsarramengent, enkel servering).
- Transport/miljø: organisert kollektiv transport frå Flesland, gjenbruk/utlån av utstyr, minst mogleg eingongsemballasje.
- Lokale leveransar: rigg, servering, transport, premiar og overnatting frå aktørar i Hardanger.
- Varig effekt: profesjonelle handbakbord blir ståande i hall/ungdomsklubb/skule i Eidfjord.
- Samarbeid: Eidfjord idrettslag (kiosk, sal, vakter) og Eidfjord Røde Kors (beredskap).

Varig effekt

- Handbakbord blir ståande i hallen/ungdomsklubb/skule i Eidfjord for vidare aktivitet, og klubben blir rusta til vidare satsing og rekruttering i kommunane
- Erfaringa frivillige og klubben sine eigne folk får, gjer det enklare for oss å gjennomføra store og små stemne i andre deler av Hardanger
- Dette er 6. året Hardanger Open blir arrangert, og denne tradisjonen er i ferd med å verta innarbeidd.

Budsjett

Arrangementet har eit totalbudsjett på 551 000 kroner.
Det er budsjettert med inntekter på 325 000 kroner, inkludert 100 000 kroner i eigenkapital.
Prosjektet har dermed ei underfinansiering på 226 000 kroner.

## Vurderingar:

Arrangementet framstår som positivt for Hardanger-regionen med fokus på rusfrie arrangement for ungdom.

I samband med årets

Arrangøren må tilpasse kostnadsnivået slik at det samsvarar med dei budsjetterte inntektene.

## Økonomisk konsekvens:

Hardangerrådet iks har pr. 28.11.2025 kr 132.276,- som restmidlar inkl. renter.

Tidlegare løyvingar:
HR-sak 05/25 tilskot på kr 10 000 til Hardanger Open og NM i Hardanger.
Midlar løyvd frå restmidlar regional utvikling.

HR-sak 01/24 tilskot på kr 25 000 i støtte til gjennomføring av handbak NM.
Midlane vert tekne frå Restmidlar regional utvikling.

Til Hardangerrådet IKS

**Søknad om støtte til gjennomføring av Hardanger Open 2026 (Eidfjord 17.–18. april 2026)**

Hardanger Handbak Klubb søkjer støtte til gjennomføring av Hardanger Open 2026 i Eidfjord. Stemnet er eit etablert, velrennomert idrettsarrangement med høgt sportsleg nivå, og profilerer Hardanger nasjonalt og internasjonalt gjennom deltaking, presse, sosiale medium og strøyming på nettet.

**Føremål og regional verdi**

Hardanger Open set heile regionen på kartet og viser at Hardanger kan vera vertskap for profesjonelle idrettsarrangement. Deltakarar og publikum kjem frå heile landet og frå mange land i Europa. Strøyming frå konkurransar, foto og korte reportasjar blir produserte for deling på sosiale medium av utøvarar, klubbar og kanalar i og utanfor Noreg.

**Gjennomføring**

- Kompakt opplegg i og rundt Eidfjordhallen: innveging, kvalifisering og finalar i gangavstand frå overnatting og servering.
- Teknisk anlegg/storskjermar på høgde med tidlegare gjennomføringar.
- Rekruttering og inkludering: opne økter i forkant, jentetiltak, eigen para-klasse.
- Sosial «afterpull» laurdag kveld (alkoholfritt ungdomsarramengent, enkel servering).
- Transport/miljø: organisert kollektiv transport frå Flesland, gjenbruk/utlån av utstyr, minst mogleg eingongsemballasje.
- Lokale leveransar: rigg, servering, transport, premiar og overnatting frå aktørar i Hardanger.
- Varig effekt: profesjonelle handbakbord blir ståande i hall/ungdomsklubb/skule i Eidfjord.
- Samarbeid: Eidfjord idrettslag (kiosk, sal, vakter) og Eidfjord Røde Kors (beredskap).

**Varig effekt**

– Handbakbord blir ståande i hallen/ungdomsklubb/skule i Eidfjord for vidare aktivitet, og klubben blir rusta til vidare satsing og rekruttering i kommunane
– Erfaringa frivillige og klubben sine eigne folk får, gjer det enklare for oss å gjennomføra store og små stemne i andre deler av Hardanger
– Dette er 6. året Hardanger Open blir arrangert, og denne tradisjonen er i ferd med å verta innarbeidd

**Hovudpostar i budsjett**

– Lyd, lys, scene og resultattavler
– Strøyming (flerkamera), grafikk og innhaldsproduksjon
– Dommar-/funksjonærkostnader og enkel bevertning til frivillige
– Hall-leige, sikring/beredskap og forsikring
– Sosiale ungdomstiltak under stemnehelga
– Innkjøp/transport av utstyr

Kontaktperson:
Erling Midttun, Rausvollv. 3, 5736 Granvin
Tlf: 450 27 919
E-post: erling.midttun@gmail.com

**Kva vil støtte frå Hardangerrådet utløysa?**

- Sosiale og inkluderande tiltak for ungdom: Alkoholfri «afterpull», demo-kampar, møte med trenarar og internasjonale kapasitetar
- Rekruttering i regionen: Opne økter/visningar og enkel informasjon mot skule/ungdom for å få fleire med, særleg jenter og para-utøvarar.
- Synleggjering av Hardanger: Video og profilering av vakker Hardangernatur i sosiale meduim. Marknadsføring i handbaksporten sine eigne kanalar internasjonalt. Tidlegare og nye deltakarar som reiser heim med eit positivt inntrykk av regionen.
- Sportsleg og sosialt: Inspirasjon for unge utøvarar frå Hardanger, og ein motivasjonsfaktor for vidare arbeid retta mot nye stader frå klubben si side. Viktig å få med at dette er ein lågterskelsport som fangar opp ungdom som ikkje driv annan organisert trening og at klubben legg stor vekt på det sosiale samhaldet - og at trengingsaktiviteten i stor grad er eit sosialt haldepunkt for mange unge
- Lokal verdiskaping og samarbeid: Bruk av lokale bedrifter og leverandørar der det er mogleg

Budsjett er lagt ved.

| | |
|---|---|
| **Overnatting** | 185000 |
| **Leige sene** | 65000 |
| **Transport Eidfjord** | 45000 |
| **Førstehjelp Røde Kors Eidfjord** | 7000 |
| **Ungdoms aktivitet/rusfritt diskotek** | 65000 |
| **Leige/vask kafedrift og utvask** | 20000 |
| **Dommere 20 stk** | 79000 |
| **Transport sene/rigg** | 54000 |
| **Lyd/lys** | 31000 |
| **Sum Utgifter** | 551000 |
| **Eigenkapital frå Hardanger HK** | **100000** |
| **Sponsor/Påmelding avgift** | **150000** |
| **Stønad Eidfjord Kommune** | **75000** |
| Resultat | -226000 |

Kontaktperson:
Erling Midttun, Rausvollv. 3, 5736 Granvin
Tlf: 450 27 919
E-post: erling.midttun@gmail.com

Kontonr. 3480.14.74553
Vipps: 506119
Grasrotandelen: 918071083
til 2020 (SMS)

Medlem av

Klubben imøteser eit positivt svar slik at me vert i stand til å gjennomføra endå eit vellukka Hardanger Open.

Med venleg helsing
Hardanger Handbak Klubb
v/ Erling Midttun, leiar
Tlf. 450 27 919 · E-post: erling.midttun@gmail.com

| Møtedato 5.12.2025 | Saksansvarleg Ann Irene Myrheim |
|---|---|

**HR-sak 47/25 & RF-sak 38/25** **Pilgrimsenter i Røldal jfr. vedtak frå 2013**

**Framlegg til vedtak:**
Hardangerrådet tilrår at midlane ikkje vert utbetalt før prosjektet er fullfinansiert og skal realiserast, som dei opprinnelege ramene i vedtaket tilseier.
Sidan Odda kommune ikkje lenger eksisterer, tilrår rådet at midlane kan utbetalast til Ullensvang kommune når prosjektet oppfyller vilkåra.

## Saksvedlegg:

Vedlegg 1: Opprinnelig vedtak frå 2013
Vedlegg 2: Opprinneleg søknad Pilgrimssenter i Røldal
Vedlegg 3: Søknad frå Røldal kultur-og pilegrimssenter AS av 21.05.2025
Vedlegg 4: Vedlegg søknad 21.05.2025 frå "Treklang"
Vedlegg 5: Søknad frå Røldal kultur-og pilegrimssenter om utbetaling av 19.11.2025

## Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:

Vedtaket er viktig for korleis saka skal handterast. I opprinneleg vedtak er midlane er løyvde til realisering av eit fullfinansiert prosjekt.

**Saksutgreiing:**
Midlane er løyvde til realisering av eit Pilegrimssenter i Røldal, her vist ved særutskrift frå opprinneleg løyving tilbake til 2013.

*"Melding om vedtak gjort i Hardangerrådet 10.10.13*

*Særutskrift:*
*HR-sak 41/13 Søknad om støtte Pilgrimsenteret i Røldal*
*John Opdal gjekk frå som ugild i denne saka. Solfrid Borge føreslo:*

*«Hardangerrådet iks løyver 200.000 kr frå Kraftlinefondet, Hardangerrådet sin del, til realisering av Pilegrimsenteret i Røldal.»*
*Vedtak og vilkår*

1. *Hardangerrådet iks er svært positiv til at Odda kommune saman med alle andre gode krefter får realisert eit Nasjonalt Pilegrimssenter i Røldal og gjev med dette vedlagde støtteuttale til prosjektet.*
2. *Hardangerrådet iks løyver 200.000 kr frå Kraftlinefondet, Hardangerrådet sin del, til realisering av Pilegrimsenteret i Røldal.*
3. *Midlane vert løyvde frå avsett konto for Avbøtande Kraftlinemidlar, Hardangerrådet sin del.*
4. *Dette tilsegnet vert administrert av Odda kommune*
5. *75 % av tilskottet kan utbetalast når føresegnene for tilsegn er godkjend av søkjar og arbeidet er starta opp.*
6. *Ved sluttutbetaling skal revidert prosjektrekneskap og sluttrapport for fase 1 ligga føre*
7. *Dersom prosjektet ikkje vert fullfinansiert, vil ein be om at revidert budsjett i samsvar med endra budsjettrammer vert lagt fram før prosjektstart."*

## Vurderingar:

Hardangerrådet fekk i 21.mai 2025 ein søknad om utbetaling av avsett midlar til pilegrimssenter i Røldal. Vedlegg 3.

Med søknaden var også nye skisser "Treklang". Vedlegg 4.

Søknaden fyller ikkje krava til vedtaket og er såleis  ufullstendig og kan ikkje betalast ut. Administrasjonen ba om ny søknad, som kom 19.11.2025. Vedlegg 5.

At midlane er løyvde til dåverande Odda kommune, er ikkje eit hinder. Rådet vil endra til Ullensvang kommune i vedtaket, og overføra midlane når prosjektet oppfyller krava i tilsagnet.

## Økonomisk konsekvens:

Midlane kan ikkje betalast ut før vilkår for vedtak er oppfylt.

e/ Røldal Pilgrimsenter

Hardanger

# Hardangerrådet

**Til**
**Odda Kommune**
**v/Ordføraren**

**Melding om vedtak gjort i Hardangerrådet 10.10.13**

*Særutskrift:*

**HR-sak 41/13 Søknad om støtte Pilgrimsenteret i Røldal**
John Opdal gjekk frå som ugild i denne saka.
Solfrid Borge føreslo:
«Hardangerrådet iks løyver 200.000 kr frå Kraftlinefondet, Hardangerrådet sin del, til realisering av Pilegrimsenteret i Røldal.»
**Vedtak**

1. Hardangerrådet iks er svært positiv til at Odda kommune saman med alle andre gode krefter får realisert eit Nasjonalt Pilegrimssenter i Røldal og gjev med dette vedlagde støtteuttale til prosjektet.
2. Hardangerrådet iks løyver 200.000 kr frå Kraftlinefondet, Hardangerrådet sin del, til realisering av Pilegrimsenteret i Røldal.

Kinsarvik 16.10.2013

Fruktbar helsing Hardangerrådet
Trude L. Rinaldo
Konsulent

Hardangerrådet iks, Pb 78, 5782 Kinsarvik
www.hardangerraadet.no
post@hardangerraadet.no
53 67 14 50

78/13

ODDA KOMMUNE

Hardanger

HARDANGERRÅDET
1 3 SEPT 2013
KOPI

Hardangerrådet
Postboks 78

5782 KINSARVIK

| Deres ref. | Arkivsakid-doknr: | 2013000142-15 | Saksbeh: | | Arkivkode | Dato: |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Journalpostid: | 2013014698 | Telefon: | 53 65 40 00 | K1 - 223, K2 - D13 | 10.09.2013 |

# Søknad om støtte fra Hardangerrådet Pilegrimssenter i Røldal

Røldal stavkyrkje har vært et viktig pilegrimsmål fra middelalderen av. Pilegrimsvandring til Røldal foregikk uavbrutt gjennom reformasjonen og helt fram til 1835, da nattlige aktiviteter i kirka ble oppdaget og satt en stopper for. Fra begynnelsen av 1990-årene av har tradisjonen blitt revitalisert og utviklet gjennom organiserte vandringer, pilegrimsstevne og midnattsmesse, i tråd med tilsvarende økt interesse for pilegrimsmotivet ute i Europa. Røldal stavkyrkje er den best besøkte kulturattraksjonen i Odda kommune, og har en spennende og mangslungen historie. Kirka er et viktig besøksmål som endepunkt i Nasjonal turistveg Ryfylke.

Ideen om et pilegrimssenter i Røldal ble først tatt opp av Røldal Reiselivslag tidlig på 2000-tallet. Odda kommune har siden arbeidet for å realisere et pilegrimssenter i Røldal. I 2012 ble prosjekt Pilegrimssenter i Røldal avrundet med en arkitektkonkurranse. Vinnerutkastet ble Lund + Slaatto arkitekter AS sitt prosjekt «Treklang». Sluttrapport for prosjektet ble politisk behandlet samme år. Viser til vedlagt sluttrapport og prospekt for vinnerutkastet. Det er opprettet en oppfølgingsgruppe for pilegrimssenteret som arbeider videre for en realisering. Et pilegrimssenter vil kunne avlaste kirka og betjene turister, pilegrimer, menigheten, forskningsmiljø og geistlige, skoleelever og konfirmanter. Prestekontor og turistkontor er videre tenkt inn i bygget.

En realisering av Pilegrimssenter i Røldal vil ha en sterk, regional betydning. Det kulturhistoriske nedslagsfeltet til senteret vil dekke de gamle vandringsveiene til Røldal fra Suldal, Vest-Telemark, Setesdal og Stavanger, m.fl. En ensrettet, nasjonal vekting av Nidaros som pilegrimsmål vil ikke kunne fange opp hverken Røldal eller miljøene rundt på en tilfredsstillende måte. ***Røldal bør løftes fram og bli et Nasjonalt Pilegrimssenter, en naturlig kandidat nummer to etter Nidaros, med relevante, regionale oppgaver.***




Gamle vandringsveger til Røldal. Illustrasjon: Gunvor Øvregård.

Finansieringen av et pilegrimssenter er et stort arbeid som Odda kommune har påbegynt. For å få drahjelp opp i mot den nasjonale pilegrimssatsingen henvender Odda kommune seg nå til en rekke kommuner i det kulturhistoriske nedslagsfeltet for pilegrimsvandring til Røldal. Flere kommuner som spiller på lag vil lettere kunne bli hørt, og kommunene er tilknyttet ulike fylkeskommuner som også kan involveres i finansierings- og markedsføringsarbeid for et felles løft. I tillegg henvender vi oss til Ryfylkefondet, Norsk Hydro, Hardangerrådet og Vest-Telemark regionråd m.fl.

Det tas utgangspunkt i et nybygg til 28 000 000 kroner og en oppfinansiering fram til våren 2016 med beregnet bygging i 2016-2017. Kjøp av tomt kommer utenom.
Odda kommune arbeider ut fra en foreløpig finansieringsplan med en prosentvis fordeling på stat, fylke og kommune i størrelsesorden 60 – 20 – 20. Her kan den kommunale og fylkeskommunale andelen deles mellom flere kommuner, fylkeskommuner og råd, slik at det regionale aspektet ved satsingen synliggjøres.

**Odda kommune søker med dette Hardangerrådet om støtte til realisering av et pilegrimssenter i Røldal, et nybygg ved Røldal stavkyrkje.** All økonomisk og verbal støtte vil være til stor hjelp i det videre arbeidet med å reise et pilegrimssenter ved Røldal stavkyrkje.

Vennlig hilsen

John Opdal
Ordfører

Vedlegg:

1. Sluttrapport fra prosjekt Pilegrimssenter i Røldal 2002-2012
2. Arkitektkonkurransens vinnerprospekt Treklang av Lund + Slaatto arkitekter AS

